



Notat

Dato: 09.09.2015
Arkivsak: 2015/6898-4
Saksbehandlar: torslin

Til: Jan Nordø

Frå: Tore Slinning

Drøllstølsbekken kraftverk - Eidfjord kommune - Fråsegn om kulturminne

Fylkeskonservatoren i Hordaland fylkeskommune har vurdert saka som regional sektorstyresmakt innan kulturminnevern.

Vi viser til vårt brev datert 22.12.2011 med kulturminnefagleg innspel i samband med konsekvensutgreiinga. Det blei her gjort merksam på at ein har kjennskap til fleire automatisk freda kulturminne i området for den planlagde røyrtraseen. Desse kulturminna består av 1 jernvinneanlegg og 5 anlegg for framstilling av kol, knytt til den omfattande jernproduksjonen i forhistorisk tid på Fet. Dei automatisk freda kulturminna er kartfesta og registrert i Riksantikvaren sin database «Askeladden» med id. nr. 110777, 110947 (to kolframstillingsanlegg), 110944, 110945 og 110946.

Tiltakshavaren blei difor rådd til å flytte røyrtraseen slik at tiltaka ikkje kom i konflikt med dei automatisk freda kulturminna. Vi opplyste også til at det er generelt stort potensiale for hittil uregistrerte kulturminner kring Fet og i Fetalia, men i samband med konsekvensutgreiinga blei det ikkje utført arkeologiske registreringar knytt til undersøkingsplikta i høve § 9 i kulturminnelova. Det viser seg no at områda med størst potensiale ligg innafor areala knytt til planen for Alpindestinasjon Fetalia, der Hordaland fylkeskommune skal gjennomføre arkeologiske registreringar i løpet av inneverande månad.

Ut frå høyringsforslaget er vi nøgd med at det er teke omsyn til kulturminnelokalitetane ein så langt kjenner til, der røyrtraseen og den mellombelse anleggsvegen blir justert slik at tiltaka ikkje kjem i konflikt med kulturminna og kringliggjande sikringssoner. Vi gjer likevel merksam på at dersom den arkeologiske registreringa avdekkjer automatisk freda kulturminne som blir råka av utbygginga, må ein ta høgde for at tiltaka må justerast eller leggjast fram for Riksantikvaren som rette dispensasjonsmynde.

